



Notat


Dato: 10.12.2014
Arkivsak: 2014/24148-1
Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen

Til: Tom-Christer Nilsen

Frå: Håkon Rasmussen

Framdriftsplan NTP 2018-2027

Figur 1 viser overordna plan for framdrifta av NTP 2018-2027:



Figur 1: Framdriftsplan for NTP

Strategifasen:

Basert på retningslinje 1 frå Samferdselsdepartementet er transportetatane og Avinor i gong med analyse- og strategifasen av Nasjonal transportplan 2018-2027, som skal belyse problemstillingar som krev spesiell merksemd i utforminga av eit framtidsretta og samordna transportsystem. Det blei heldt møte 21. november 2014 mellom styringsgruppa for NTP og blant anna Hordaland fylkeskommune. Det leggjast vekt på at etatane og Avinor skal ha ei god koordinering av arbeidet på regionalt og sentralt nivå.


Arbeidet skal summerast opp i ein rapport som vil bli overlevert Samferdselsdepartementet i februar 2015. Det er ikkje bestemt ei høyringsfrist for dette dokumentet. NTP sekretariatet vil sende ut frist og informasjon etter kvart. Dei legg i tillegg opp til at det vil bli nye regionale møte med fylkeskommunane på vårparten 2015 slik at det er mogleg å komme med innspel der.

Planforslagsfasen:

Strategifasen vil gje grunnlag for nye retningslinjer frå Samferdselsdepartementet. Dette vil igjen gje føringar for dei statlege etatane og Avinors forslag til prioriteringar for planperioden. Statsetatane sitt forslag til NTP 2018-2027 vil bli overlevert Samferdselsdepartementet i februar 2016.

Dei statlege etatane sitt planforslag vil ikkje liggje føre før i februar 2016 og høyringsfristen er ikkje satt enda. NTP sekretariatet antek at dette vil følgje same prosedyre som førra runde, slik at det er Samferdselsdepartementet som ber om innspel og at dei vil innarbeide fråsegna i stortingsmeldinga.

Fylkeskommunane og dei fire største byane vil bli invitert til å uttale seg til planforslaget. Høyringsfristen vil truleg vere i slutten av **juni 2016**. Ved tilsvarende høyring i samband med NTP 2014-2023 vart kommunane invitert til å gje høyringsfråsegn inn mot handsaminga av den fylkeskommunale høyringsuttalen.



Figur 2: NTP-organisasjonen

Organisering av NTP-arbeidet

Evalueringa av NTP-prosessen viser at det er behov for å vidareutvikle organiseringa av arbeidet på regionalt nivå. Samferdselsdepartementet ber om at det i den kommande planprosessen vert arrangert regionale møte mellom tverrretatleg styringsgruppe, fylkeskommunane og dei største bykommunane.

Fylkeskommunane er i tillegg representert i tverrretatleg styringsgruppe for NTP som består av etatsleiarane i Jernbaneverket, Kystverket, Statens vegvesen og Avinor. For tida er det fylkesrådmann Arild Eielsen frå Aust-Agder som er medlem, mens fylkesrådmann Odd-Inge Mjøen frå Sør-Trøndelag er vara. I tillegg til dette har fylkeskommunar og dei største byane vore representert i arbeidet med sentrale utreiingar i

Analyse- og strategifasen og hovedrapporten som blir overlevert Samferdselsdepartementet 25. februar 2015.

For vidare lesing sjå <http://wwwntp.dep.no/>

(Kjelder: ntp.dep.no, regjeringen.no)